

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtested: E-post

Dato: 25.03.2015

Tidspunkt:

E-postbehandling av hastesak. Ber om rask tilbakemelding per e-post.

Magnus Snøtun

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 23/2015	Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Tinderittet 2015-2020 - IL Fanaråk		2015/1812

Arkivsaksnr: 2015/1812-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 18.03.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	23/2015	25.03.2015

Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Tinderittet 2015-2020 - IL Fanaråk**Forvaltar si innstilling**

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i § 3 pkt. 5.2 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, dispensasjon til å endre vilkår i gjeldande løyve for å arrangere Tinderittet i 2015.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- I 2015 kan Tinderittet arrangerast den 4. april.
- Utanom vilkåret med tidsavgrensinga, gjeld dei andre vilkåra som er lista opp i løyve datert 07.05.2010 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Nasjonalparkstyret understrekar at 2015 er eit unntakstilfelle og at ein ikkje er innstilt på å endre det tradisjonelle tidspunktet for rennet. Ein viser her til vurderinga frå villreinnemnda, som peikar på at det er ein vesensforskjell i konfliktnivået frå månadsskiftet april/mai til tidleg i april. Området som blir berørt er tradisjonelt beite på seinvinteren, men vinteren 2015 har ein sett at fostringsflokkane har nytta andre vinterbeite enn det aktuelle området. Vurderinga frå villreinnemnda om at det er lite truleg at dei vil kome inn i dei aktuelle områda denne vinteren gjer at ein kan akseptere søknaden om å halde rennet tidlegare dette eine året.

Saksopplysningar*Dokument i saka*

- Søknad av 11.03.2015, frå IL Fanaråk ved Anders Fortun.
- Gjeldande løyve for Tinderittet datert 07.05.2010 hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Uttale til søknad frå villreinnemnda datert 23.03.2015.

Søknaden skal behandlast etter

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bakgrunn for søknaden

«Tinderittet er eit ski- og snøbrettrenn frå Nordre Dyrhaugstind 2100 moh til Turtagrø 900 moh. Arrangør er IL Fanaråk. vart 1.gong arrangert 30. mai 1992. Viktige samarbeidspartnerar Tinderittet er Turtagrø Hotel, Luster Røde Kors Hjelpekorps, og "Løypesetjarane" frå Leikanger. I tillegg kjem alle sponsorane.

Tinderittet har utvikla seg gradvis. IL Fanaråk har bygd opp arrangementet, med nye flagg, nye nummer, nytt lydanlegg, nytt tidtakarsystem, ny bru, nye staurar, etc. Eit enklare og betre arrangement er målet.

På grunn av at dei gode erfaringar som vi fekk i 2003 med å kunne ha eit oppkøyrt spor og ha transportert inn redningspulken dagen før, kunne vi under renndagen køyre inn og hente ut skada løpar utan store vanskar. Utan eit slikt løyve er det svært vanskeleg å få hente ut skada personar, dette på grunn av at vi ikkje viste kor vi kunne køyre og at det var vanskeleg å komme fram på grunn av laus snø, med pulk hadde dette ikkje vore mogleg. Ved at vi hadde køyrt opp dagen før vart snøen pakka, vert fast og ein får bedre grep med belter for å kunne ta seg fram. På denne måten ivaretar vi sikkerheten til våre løpar på ein både sikrare og ein raskare måte. Det er ikkje uvanleg med skodde i dette området dette gjer bruken av helikopter veldig usikkert. Oppkøyring av trasen er væravhengig for å kunne ha ein sikker trase må den køyrist når sikten er til fredstillende. Derfor kan det måtte køyrist på andre tidspunkt enn omsøkt. Det er snakk om 4 turer inn i nasjonalparken.»

Søknaden gjeld fornying av løyve med nye vilkår. Sist løyve vart gjeve i 2010 og gjeld også for 2015. Søknaden gjeld nå fram til 2020. Rennet har vore arrangert i starten av mai i samband med opning av Sognefjellsvegen, men har dei siste åra vore avlyst grunna lite snø. Nå vert det søkt om å arrangere rennet 4.april, dvs. første påskedag, men elles er søknaden i samsvar med vilkår i tidlegare løyve.

Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Organisert ferdsel er regulert i Jotunheimen nasjonalpark gjennom verneforskrifta (§3 pkt.5.2): «*Organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet, eller ferdelsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta. Forvaltningsplanen skal avklare kva for ferdsel som krev løyve.*

Vurdering

Formålet med Jotunheimen nasjonalpark (§1) er «*å ta vare på...eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*»

- Vidare er formålet med vernet å ta vare på:
 -
Leveområde for villreinen
.....
 - «Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging»

I framlegg til forvaltningsplan som var på høyring i 2007 er Tinderittet omtala som arrangement i verneområde. I omtalen av arrangement heiter det i forvaltningsplanen:

«Slike arrangement har mykje positivt ved at deltagarane er på tur i verneområda. Ulemper kan vere knytte til uroing av dyre- og fugleliv, omsyn til andre folk på tur i området og ønskje om fred og ro. I tillegg kjem ønskje om bruk av motorferdsel for å kunne gjennomføre arrangementet. Det er gjeve løyve til dei nemnd arrangementa (blant anna Tinderittet) m.a. på vilkår av at det ikkje blir nytta motoriserte hjelpemiddel unntake til konkret skadetransport, og at dei er avgrensa i tid og med full opprydding kort tid etterpå. At ein ikkje nyttar motoriserte hjelpemiddel skal og gjelde for andre tiltak det kan vere ønskjeleg å gjennomføre i samband med slike arrangement, t.d. pressedeckning.»

I tillegg er det argumentert for øvre tak på tal deltagarar for å halde behovet for motorferdsel nede.

Arrangementet Tinderittet har hatt løyve til arrangementet i mange år. Løpet blir arrangert i det som i forvaltningsplanen er definert som vernesone Hurrungane. Her skal forvaltninga ha fokus på naturverdiane og friluftsliv med ekstra liten grad av tilrettelegging. Dessutan er dette ein del av villreinområde for Vest-Jotunheimen bestanden. Dyrhaugsryggen er ein del av vinterbeiteområde til denne bestanden (§8 i nml.). Det vert derfor vurdert at arrangementet kan skade naturmiljøet og derfor må ha dispensasjon frå §3 pkt.5.2. Omfanget av arrangementet, tidspunkt på året og tidlegare erfaring er lagt til grunn for vurderingane. Tinderittet har blitt arrangert av IL Fanaråk sidan 1992, men grunna snømangel har det ikkje blitt arrangert sidan 2010. Dei siste åra var det om lag 100 påmeldte deltagarar. Tilbakemeldingane frå arrangementet har vore gode og det er gode rutinar for opprydding.

Villreinnemnda har kome med uttale i saka i brev datert 23.03.15:

«Tinderittet går frå Nordre Dyrhaugstind og nedover mot Turtagrø. Det kryssar dermed gjennom vinterbeiteområde for villrein. Arrangementet har fått dei naudsynte løyver tidlegare, men villreinnemnda er bekymra for at omfanget i aktivitet i sona mellom Turtagrø og Hurrungane aukar. Me fryktar at reinen kan verte fortrengt frå vinterbeita sine. Ut over våren, når det nærmar seg kalving, trekk simlene ut av vinterbeita og over mot kalvingsland. Bukkar held seg likevel framleis i området eit godt stykke utover i mai månad. Ved det tradisjonelle tidspunktet for Tinderittet, månadskifte april/mai, har simlene trokke ut av vinterbeiteområda sine.»

Det er ein vesensforskjell i konfliktnivået frå +/- 1. mai til 4. april. Området som blir berørt er tradisjonelt beite på seinvinteren. 4. april har truleg simler som måtte bruke

området ikkje reist. Det vil være svært uheldig å legge et arrangement her på denne tida.

Vinteren 2015 har ein sett at fostringsflokkane har nytta andre vinterbeiter enn det aktuelle området. Dei står no lengre aust i området, og det byrjar å verte seint på året. Det er lite truleg at dei vil kome inn i dei aktuelle områda denne vinteren.

Det kan difor finnast ein moglegheit for å halde rennet tidleg i år. Dette må være under føresetnad av at ein ikkje endrar det tradisjonelle tidspunktet for rennet. Ein lyt då sjå på 2015 som eit unntakstilfelle, og løyva lyt avgrensast til inneverande år.»

Det er i søknaden bede om løyve over fleire år med dei same vilkåra som tidlegare. Endring av vilkår om tidspunkt gjere det vanskeleg å gje fleirårig løyve. Etter konkret vurdering av forholda i 2015, meiner villreinnemnda at ein kan gje løyve i år, men ikkje over fleire år. Villreinnemnda meiner vidare at effektane av vilkåret om inntil 4 skuterturar ikkje vert endra grunna endra tidspunkt for arrangementet.

Gjeldande løyve for Tinderittet gjeld også for 2015. Endring av vilkår om tidspunkt for arrangementet er vurdert som akseptabelt for 2015. Dei resterande vilkåra i løyve datert 07.05.2010 gjeld uforandra (§9 i nml.).

§§10 og 12 er nærmere vurdert i løyve datert 07.05.2010 §11 i nml. er ikkje aktuell for dette tiltaket.